



Atle Haukøy
Tysse
5284 TYSSEBOTNEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3471 - 15/31088

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
30.09.2015

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 225/2 - Atle Haukøy

Dokument:
Søknad om tilskot, motteke 26.05.2015
Kart i målestokk 1:2700 og 1:10 000

Søknaden:
Det vert søkt om SMIL – midlar til rydding av lauvskog og kratt som skal tilbakeførast til kulturbeite for sauene på garden. Ryddinga skal skje på eit 20 dekar stor område på nordvestsida av øya Haukøy. Området grensar inntil eksisterande innmark på garden og vil bidra til meir beitemark til sauene på garden. Sauene på garden er ikkje på fjellbeite om sumaren.

Eigedomen/drifta:
Eigedomen er i sjølvstendig drift med sauehald på garden. Det er ein veglaus gard på øya Haukøy i indre Osterfjorden.

Vurdering :

Kommunen sine tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket er avgrensa i høve til forventa søknadsmengde og dette vil tilseie ei streng prioritering av søknadane. Likeeins når det gjeld tildeling av midlar til dei einskilde prosjekt. Søknaden er handsama etter «Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket».

Sum kostnad som vert nytta som grunnlag for tilskot er på kr 40.000,-

Vedtak:

Søknaden er handsama etter §8 i forskrifta og det vert løyvd kr 17.000,- Dette beløpet er eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2018.

Klagerett :



Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- ***Til utbetaling vil konto 9526.10.03598 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.***

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak.De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Landbruk

5020

BERGEN

Mottakarar:
Atle Haukøy

Tysse

5284

TYSSEBOTNEN